



DEN NORSKE KYRKJA
Vestre Slidre kyrkjeleg fellelsråd,
v/kyrkjevevje / dagleg leiar Elisabeth Myhre
Slidrevegen 20,
2966 Slidre

Uttale på høyringa: Staten og Den norske kirke – et tydelig skille.

Samla uttale kjem frå:

Lomen sokneråd

Slidre sokneråd

Røn sokneråd

Vestre Slidre kyrkjeleg fellelsråd

Sokna i Vestre Slidre er ikkje einige i ønsket om skilje mellom stat og kyrkje. Om det likevel skal skje, må ein leggje opp til ei ordning der det positive samspelet mellom kyrkje og samfunn kjem fram, slik det er i lokale miljø der kyrkja er ein del av samfunnet. Det er viktig at kyrkja framleis er lokal med stor vekt på sokna, og ikkje berre ein mektig, fjern sentral maktstorleik. I små samfunn som vårt, er folkekyrkja sterk og dei fleste kjenner sterk tilknytting til «kyrkja si». Vi må allikevel ha ei felles kyrkje for heile landet.

Dersom arbeidet med skilje held fram, har råda i Vestre Slidre følgjande kommentarar:

Vi er einige i at det nye rettssubjektet (kyrkjemøtet) og sokna skal vere likestilte rettssubjekt. Det nye rettssubjektet (kyrkjemøtet) skal ha arbeidsgjevaransvaret for prestenesta, biskopane, bispedømmeråda, kyrkjerådet og bispemøtet. Soknerådet skal fortsatt ha arbeidsgjevaransvaret for sine tilsette.

Det er mangel på prestar i landet, og det er svært viktig og nødvendig for rekrutteringa av prestar og andre, å oppretthalde og utvikle arbeidsvilkår og rettigheter. Gode pensjonsordningar må til for å sikre at dei blir i tenesta.

Klagenemd bør vera lovfesta, og ho må gjelde alle tilsette.

Delegasjon: For å få ein effektiv organisasjon, er høve til delegering fornuftig.

Råda i Vestre Slidre ønsker ikkje eit eige demokratisk organ på prostnivå. Det aukar byråkratiet unødvendig.

Økonomi:

Skal sokna vere eige rettssubjekt, må det tilførast og sikrast tilsvarende økonomi til å etablere eige forvaltning og kompetanse, utan at prestenesta og kyrkjedrifta blir redusert. Det er viktig at det stillast god nok økonomi til alle nivå, for at kyrkja kan drive arbeidet vidare på same måte som no. Prosessen som no er sett i gang med eit tydligare skilje, treng nok ressursar til at ordninga blir god nok, etter intensjonen.

Det er viktig å sikre midlar til trusopplæringsarbeidet som nettopp er starta over heile landet.

Slidre 28.10.2014

For Lomen sokneråd, Slidre sokneråd, Røn sokneråd og Vestre Slidre kyrkjeleg fellelsråd.

Elisabeth Myhre
(kyrkjevevje)

